



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 5/ 2024 – Tysdag 3. Desember 2024, kl 17.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Kjell Gunnar Nymark og 2. Sigrund Breistig.

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Arild Steinsland

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Jostein Valen (SM), Kjell Gunnar Nymark (SM)

Tekst for dagen ved Arild Steinsland.

Saker som vart handsama:

Godkjenningssaker.

Godkjenningssaker.

27/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 191124.

22/2024 Val av leiar og nestleiar for 2025, perioden 011224-301125, utsett frå 291024.

Oppdatering løpande stillingssaker.

07/2024 Status Ny kyrkjelydspedagog etter Haldis som har sagt opp stillinga si fom 010225 – [status gitt i innkallinga](#).

Drøftings- og godkjenningssaker.

23/2024 Tilbod frå Fjordkraft – ny straumavtale, vedlegg sak 23/2024, tilbakemelding frå kommunen.

28/2024 Melding om auka kostnad frå KPMG ved revisjon av rekneskapa våre.

29/2024 Vurdering/ justering av prisar ved gravferd/ kremasjon for dei som bur utanfor kommunen.

30/2024 Vurdering/ endring av tilskot ved kremasjon.

Orienteringssaker.

31/2024

- A. Staben vår.
- B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.
- C. Rehabilitering v tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.
- D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.
- E. Rekneskap pr 031224 mot budsjett.
- F. Budsjettramme kommunalt tilskot 2025.

Neste møte xx.xx.25, kl 16.30 – kjende saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 031224.
- Rekneskap mot periodisert budsjett pr siste mnd.
- Godkjenning Budsjett 2025.
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924 og 291024.

Sveio, 29.11.2024**Sign****Tor Helge Hardeland****Leiar Fellesrådet****Rita Holmedal****Kyrkjeverje****GODKJENNINGSSAKER.**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	27/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 27/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 191124.

Det var ingen merknader til **Innkallinga**, men det vart meldt ei ny sak til neste møte:

Vurdering/ Val av arbeidsutval (AU) i Fellesrådet (FR). Det vart fremja følgjande samansetning: Leiar, nestleiar, medlem, prest og kyrkjeverje.

Møteprotokollen frå møtet 191124 vert oppdatert med vedlegg til sak 16/2024 – protokollen vart elles godkjent utan merknader. Protokollen vert oppdatert med merknaden og signert i neste møte.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	22/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

22/2024 Val av leiar og nestleiar for 2025, perioden 011224-301125, utsett frå 291024.

«Regler om formene for menighetsrådet og kirkelig fellesråds virksomhet» slår fast at leiar og nestleiar i Fellesrådet skal veljast innan 1. januar kvart år. Leiar og nestleiar vert valde for eit år av gongen.

Over noko tid har det vore vanleg at dei to sokneråda har veksla på å ha leiarverv og nestleiarverv. Verva kan 'og gjenveljast for ny periode.

Første året i denne valperioden har Tor Helge Hardeland vore leiar og Rune Hjelmeseter vore nestleiar.

Både leiar og nestleiar set i Forhandlingsutvalet, medan leiar 'og set i partsamansett utval, ref Sak 18/2023.

Framlegg til leiar og nestleiar for komande år må fremjast i møte.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 291024/ 031224:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:

- Leiar – Perioden: 01/04.12.2024 – 30.11.2025 blir: Solfrid Lier Habbestad
- Nestleiar – Perioden: 01/04.12.2024 – 30.11.2025 blir: Tor Helge

Behandling i møte 291024:

Det var ønske frå Sveio sokn om å utsetja saka til møtet 03.12. Årsaka var at Sveio sokn hadde behov for å gjera ei ny vurdering på kven som går inn i FR - etter som vedkomande 'og kan bli vald som leiar i FR for perioden 011224-301125.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 261024:

Møtet etterkom ønske til Sveio sokn - om å utsetja denne saka til møte 031224

Behandling i møte 031224:

Ny periode vart sett til 04.12.24-30.11.25. Dei nye verva vert dermed iverksett fom 04.12.24.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 031224:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjorde følgjande val:

- Leiar – Perioden: 04.12.2024 – 30.11.2025 blir: Solfrid Lier Habbestad
- Nestleiar – Perioden: 01.12.2024 – 30.11.2025 blir: Tor Helge Hardeland

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	23/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

23/2024 Tilbod frå Fjordkraft – ny straumavtale.

Du finn tilbodet vedlagt. Dette tilbodet gjeld dersom vi blir medlem i forsikringsselskapet Knif – medlemsskapet er kostnadsfritt og kan gi fleire fordelar, då dei har eit samarbeid med mange leverandørar av ulikt slag.

Dokument i saka: Tilbod frå Fjordkraft, samt faktura frå Haugaland kraft, vedlegg sak 23/2024.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 291024:

Vi må avklara med kommunen om vi er knytta opp mot straumavtalen deira, og evt når denne avtalen går ut. Dersom vi inngår i avtalen til kommunen, kan ny avtale først vurderast når noverande avtale går ut.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 291024:

Kyrkjevevja , eventuelt kommunen sin representant i FR, følgjer opp saka med kommunen med tilbakemelding til FR-møtet 03.12. Her vil Kyrkjevevja gjerne 'og at vi avklara om vi har ein felles telefon-avtale med kommunen – dette fordi vi her 'og får tilbod frå andre leverandørar frå tid til annan.

Behandling i møte 291024:

Saka vart utsett.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 291024:

Møtet innstilte på utsetting i trå med Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

Kyrkjevevja si tilbakemelding etter avklaring med kommunen 031224:

Vi er fristilte på alle avtalar unnateke telefoni – der vi får løyve til å følgja kommunen sin avtale om vi ønskjer det iflg Kenneth Tollefsen/ IKTNH.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 031224:

Telefoni er nært knytta opp mot dataavtalen vi har felles med kommunen gjennom IKTNH, og Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak blir derfor at vi følgjer kommunen sin avtale vedkomande telefoni på lik linje med dataavtalen.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 031224:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	28/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

28/2024 Melding om auka kostnad frå KPMG ved revisjon av rekneskapa våre.

«Nytt kostnadsestimat for revisjon neste år, f.eks. Vi har et par utfordringer skal jeg være helt ærlig:

- *Kapasitet; som dere sikkert skjønner. Det er knyttet til at regnskapsregler og forståelsen av kirkeregnskap er litt utenfor det medarbeidere normalt blir opplært i og som våre programmer ikke håndterer på noen god måte. Det medfører at undertegnede har blitt en flaskehals de siste to årene, og det jobber vi med internt, og ser ut til at jeg får en del avlastning + beholde Amjad som merarbeider og som kjenner systemet etter å ha vært med i 2023.*
- *Prising; vi blir utfordret på en for lav realisert timepris på oppdraget. Vi ligger på mellom 30-50% av kravene vi har på oss, noe som skyldes særlig nye og strengere krav til dokumentasjon av deres systemer og vår forståelse av virksomheten. I tillegg har vi noe skifte av personell/opplæringskostnader som bidrar.*

Det betyr at dersom vi skal få lov å fortsette å være revisor, må vi justere prisene fremover.

Jeg har satt opp et budsjett på timeforbruk, se vedlagt Excelark. Vi har brukt en god del mer enn dette de siste tre årene, men tidligere har vi normalt brukt 55-65 timer. Så jeg tenker at budsjettet jeg har vedlagt er realistisk og det vi må strekke oss etter, vedlegg sak

Når det gjelder prisingen, så ligger priser i offentlige tilbud nå på +/- kr 1650 per time, og som du skjønner er vi langt unna dette hos dere.

*Så jeg ser for meg at vi må opp i 64 timer * 1650 kr/time = kr 105 600 for at vi skal få lov å fortsette. I tillegg kommer tillegg for lovpålagt håndtering av hvitvaskingsreglene og administrasjon (kr 2500 for 2023).*

Jeg regner med at du trenger å diskutere dette internt hos dere».

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 031224:

Det nye prisoppsettet medføre ei kostnadsauke på ca 100% - opp frå kr 55 000 eks mva i 2023 til kr 106 600 i 2024.

Kyrkjevevja vil ta ei runde med Kyrkjevevjelaget for å sjekke ut kva andre Fellesråd i Sunnhordland betale for revisjon. Tala blir presentert i møtet – om dei føreligg.

Vi må uansett kanskje bruke noverande revisjonsselskap under revisjonen av 2024-rekneskapa – det blir truleg for lite tid å hente inn tilbod frå andre.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 031224:

Blir presentert i møtet – ut frå samanlikningsgrunnlaget frå dei andre Fellesråda i Sunnhordland – eventuelt utsett til over nytt år.

KOSTNAD REVISJON, Fellesråda i Sunnhordland.

Kvinnherad	KPMG	Pris?
Fitjar	KPMG	60 000 i 2023
Etne	Deloitte	60 000 i 2023 tidl Rogaland revisjon m/EK 100 000
Stord	KPMG	212 250 i 2023
Sveio	KPMG	55 000 i 2023
		105 600 i 2024
Bømlo	Deloitte	51 450 i 2023 (FR - 40950 og 4 SR – 10500)
Tysnes	?	?

Kyrjevevja sitt framlegg til vedtak blir at vi held på KPMG for revisjon av rekneskapen for 2024, men at vi hentar inn pris frå Deloitte før revisjon av rekneskapen for 2025. Vi avklarar 'og med kommunen kva revisjonsselskap dei nytte.

Behandling i møte 031224:

Møtet ga uttrykk for at auken var uvanleg høg, og ei innhenting av tilbod frå Deloitte og eventuelt andre kan vera ønskjeleg før neste revisjon.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 031224:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	29/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

29/2024 Vurdering/ justering av prisar ved gravferd/ kremasjon for dei som bur utanfor kommunen – gjeldande fom 01.01.2025.

OPNING/ LUKKING AV KISTEGRAV/ URNEGRAV.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 031224:

Kyrkjeverja har henta inn prisar på opning/ lukking av kistegrav og urnegrav frå Fellesråda i Sunnhordland og dei er slik:

Tysnes kr 2000/ - for kiste- og urnegrav.

Etne kr 4000/ 1500 for kiste- og urnegrav.

Bømlo kr 10000/ 6000 for kiste- og urnegrav..

Sveio kr 4500/ 4500 for kiste- og urnegrav.

Stord kr 0/ 0 for kiste- og urnegrav, men er under vurdering.

Kvinnh kr 9000/ 4000 for kiste- og urnegrav. Eingongsavgift for namna minnelund kr 3000

Fitjar kr 8000/ 4000 for kiste- og urnegrav

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande opning/ lukking av grav, samt namna minnelund for dei som bur utanfor kommunen:

Vi aukar avgifta for opning / lukking av kistegrav frå kr 4500 til kr 8500 og held avgifta for opning/ lukking av urnegrav uendra på kr 4500. Eingongsavgift for namna minnelund blir ny på kr 3000, men festeavgift etter 30 år på lik linje med feste for kiste- og urnegraver. Endringa vert gjort gjeldande fom 01.01.25.

Behandling i møte 031224:

Auken for opning/ lukking av kistegrav vert auka vesentleg, men samstundes vert opning/ lukking av urnegrav halde uendra og tydeleg lågare enn kistegrav – det vert 'og eingongsavgifta for namna Minnelund. Det vert eit insitament til å nytta urnegrav eller Minnelund framfor kistegrav.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 031224:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

Vedtak om endring av avgift for opning/ lukking av grav skal formelt godkjennast av kommunen på lik linje med andre gebyr i kommunen, og blir oversendt for endeleg godkjenning.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.12.03	30/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

30/2024 Vurdering/ endring av tilskot ved kremasjon.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Kyrkjeverja har her 'og henta inn tilskot frå Fellesråda i Sunnhordland og dei er slik:

Tysnes kr 0. kommunen er ikkje involvert.

Etne 2/3 deler av avgifta, resten tar pårørande. Kommunen er ikkje involvert.

Bømlo Refusjon av kremasjonsavgift, samt kostnad ved sending av urne, men vurderar å ta det bort. Kommunen er ikkje involvert.

Stord kr 1200 ut frå ei kommunal løyving på kr 90 000 vart år. Refusjonssummen vert lågare for kvart år.

Sveio kr 2000. Kommunen er ikkje involvert.

Kvinnh kr 0. Kommunen er ikkje involvert.

Fitjar kr 0. Kommunen er ikkje involvert.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

For dei fleste vil ei avgjerd om kremasjon eller ikkje vera gjort før ein dør. Eit tilskot vil dermed truleg ha liten innverknad på valet, og kyrkjeverja rår dermed til at ein går bort frå dette tilskotet fom 01.01.25.

Behandling i møte:

Fleire av Fellesråda i Sunnhordland har ikkje, eller vurdere å gå bort frå kremasjonstilskot med same argumentasjon som i Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak, samt av økonomiske årsaker.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv	
31/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX	

A. Staben vår.

040624: Ingrid slutta 290224, Haldis går av som førtidspensjonist 010225. Brit slutte 300924..

Anne skal ha svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 07.08.25 + ferie.

Status 291024: Det vert effektivert vikar for stillinga til Anne i hennar permisjon.

Status 031224: Uendra.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med egne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderar 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.

Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjevevja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjevevja følgjer opp.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

E. 031224: Rekneskap mot periodisert budsjett pr 031224 – blir presentert i møtet. Dette måtte gå ut pga nedetid på systemet pga oppgradering.

F. 031224: Budsjettramme kommunalt tilskot 2025, vedlegg sak 31/2024 F. Det er framlegg om ei auka ramme på 4%. Endeleg godkjenning i kommunestyret 16.12.

Rita Holmedal – Kyrkjevevje/ referent

Signatur: